

NVE – Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

02.12.2022

Søknad om konsesjon for bygging av Døsjagrovi kraftverk

Luster Småkraft AS ønsker å nytte vassfallet i **Døsjagrovi** i Luster kommune i Vestland fylke, og søker med dette om følgende løyve:

I Etter vannressursloven, jf. § 8, om løyve til:


- å bygge Døsjagrovi kraftverk med installert effekt på inntil 5,7 MW.

Det vert ikkje søkt anleggskonsesjon for tiltaket. Det elektriske anlegget vil bli bygd innanfor konsesjonen til områdekonsesjonær. Dette er nærare omtala i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing

Bystøl AS
Tomtebu 2
6893 Vik i Sogn



Lisbeth Langbakk

e-post: lisbeth@bystol.no
telefon: 46907082

Konsesjonssøknad
for
Døsjagrovi Kraftverk



Luster kommune, Vestland fylke

Utarbeida av: Lisbeth Langbakk	Kontroll / fagansvarleg: A. Fosse	Dato: 04.10.21 Rev.: A - 02.12.22
Bystøl AS	Tlf: 57 69 85 80 Fax: 57 69 85 81	e-post: post@bystol.no web.: www.bystol.no

Samandrag

Døsjagrovi Kraftverk er planlagt i Døsjagrovi med inntak på kote 740,5 innløp kraftstasjon på kote 97 og med utløp i Døsjagrovi på kote 8. Fylgjande hovuddata gjeld for anlegget:

- i. Installert effekt: 5,7 MW
- ii. Årsproduksjon: 16,8 GWh
- iii. Brutto fallhøgde: 644
- iv. Røyrgate: lengde om lag 1990m , diameter 0,6m

Per i dag er det tre eksisterande kraftverk i Døsjagrovi. Desse kraftverka er små og utnyttar berre ein liten del av fallet og vassmengda. Dette nye prosjektet vil gi betre utnytting av vasskraftpotensialet i ei elv som allereie er utbygd, og dermed både generere meir inntekt til eigarane og kommunen, og vil dessutan i større grad bidra til den nasjonale kraftoppdekkinga.

Prosjektet omfattar oppgradering av eksisterande inntak ved kote 740,5, ny kraftstasjon, nedgraven røyrgate som i stor grad følgjer dei gamle røyrгатетрасеane, nedgrave avløpsrøyr tilbake til Døsjagrovi, riggområder, midlertidige anleggsvegar og nedgraven jordkabel til eksisterande 22 kV nett.

I samband med kartlegging av andre brukarinteresser, kulturminne og landskapsmessige tilhøve i eller i tilknytning til elva, er det registrert lite negative konsekvensar ved gjennomføring av tiltaket. Konsekvensane for det biologiske mangfaldet er vurdert til noko negative, då heile området er prega av inngrep frå før og belastninga aukar dermed kun i mindre grad. I samanheng med kartlegginga av biologisk mangfald vart det ikkje påvist raudlisteartar innan influensområdet.

Som eit avbøtande tiltak er det foreslått å sleppe følgande minstevassføring:

- 0,15 m³/s i perioden 1. mai – 30. september.
- 0,04 m³/s i perioden 1. oktober – 30. april.

Innhald

1.1	Om søkjaren.....	5
1.2	Grunngjeving for tiltaket	5
1.3	Geografisk plassering av tiltaket	6
1.4	Skildring av området.....	6
1.5	Eksisterande inngrep.....	6
1.6	Samanlikning med nærliggande vassdrag	7
2	Omtale av tiltaket.....	9
2.1	Hovuddata	9
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativet	10
2.3	Kostnadsoverslag	16
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket	16
2.5	Arealbruk og eigedomsforhold	16
2.6	Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar	18
3	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn	19
3.1	Hydrologi.....	19
3.2	Vasstemperatur, isforhold og lokalklima	21
3.3	Grunnvatn	22
3.4	Ras, flaum og erosjon	22
3.5	Raudlisteartar	23
3.6	Terrestrisk miljø	23
3.7	Akvatisk miljø	24
3.8	Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag.....	24
3.9	Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON).....	24
3.10	Kulturminne og kulturmiljø	25
3.11	Reindrift	25
3.12	Jord- og skogressursar	26
3.13	Ferskvassressursar	26
3.14	Brukarinteresser	26
3.15	Samfunnsmessige verknadar	26
3.16	Kraftlinjer	27
3.17	Dam og trykkrøyr	27
3.18	Ev. alternative utbyggingsløyser	28
3.19	Samla vurdering	28
3.20	Samla belastning	29
4	Avbøtande tiltak.....	29
5	Referansar og grunnlagsdata.....	31
6	Vedlegg til søknaden	31

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Luster Småkraft AS er tiltakshavar for Døsjagrovi Kraftverk.

Luster Småkraft AS er eit selskap oppretta og eigd av Luster Energiverk AS og Småkraft AS som samarbeider om å utvikle småkraftverk i Luster kommune.

Luster Energiverk AS har i seinare tid utvida arbeidet sitt knytt til utbygging av småkraftverk. Luster Energiverk AS (den gong Luster Kraftlag) vart oppretta med bygging av det gamle kraftverket nedst i Døsjagrovi – Døsen kraftverk. Luster Energiverk AS er aktiv i utviklinga i heile kommunen både som samarbeidspartnar i småkraftprosjektet i Luster og som deleigar av Luster Småkraft AS. Dei er også eigar av det nyoppretta nettselskapet Breheim Nett AS som er områdekonsesjonær for distribusjon i kommunen. Luster Energiverk AS disponerer fallrettigheter i nedre del av Døsjagrovi.

Småkraft AS eig og drifter over 145 kraftverk over heile landet. I 2020 kjøpte dei ut fallrettar i Døsjagrovi som tidlegare var ein del av eignedomen til gamle «Lyster Sanatorium Harastølen», heretter omtala som Harastølen. Dette omfattar øvre del av vassdraget.

Medan Luster Energiverk AS har ein sterk posisjon lokalt, er Småkraft AS store i nasjonal samanheng. Samarbeidet styrkjer kompetansenivået og sikrar størst mogleg lokal verdiskaping i samarbeidsprosjekta.

Søklar:

Luster Småkraft AS
Gaupnegrandane 4
6868 Gaupne

Org.nr 988913480

1.2 Grunngeving for tiltaket

På Harastølen har det lenge vore kraftproduksjon. Luster Energiverk AS vart oppretta for å produsere kraft til Luster i 1915 gjennom utnytting av fallet nedanfor Harastølen.

Per i dag er det tre eksisterande kraftverk i Døsjagrovi. Desse kraftverka er små og utnyttar berre ein liten del av fallet og vassmengda. Dette nye prosjektet vil gi betre utnytting av vasskraftpotensialet i ei elv som allereie er utbygd, og dermed både generere meir inntekt til eigarane og kommunen, og vil dessutan i større grad bidra til den nasjonale kraftoppdekkinga.

Døsjagrovi kraftverk er berekna å produsere 16,8 GWh, noko som tilsvarer forbruket til kring 840 husstandar, og prosjektet har ei estimert kostnadsramme på kring 66,8 mill. NOK (14.09.21).

Tiltaket er tidlegare vurdert i høve til vassresurslova. Det vert vist til vassdragskonsesjon tildelt Døsjagrovi Kraftverk BA, 08.apr.2014. Konsesjonen er forelda, og ikkje lenger gyldig. Delar av søknaden baserer seg på innhald frå førre konsesjonssøknad, ref. /9/.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket

Døsjagrovi Kraftverk er planlagt i Døsjagrovi, vassdragsnr. 075.6. Døsjagrovi renn ut i Lustrafjorden like sør for tettstaden Luster i Luster kommune i Vestland fylke. Elva renn like nord for Harastølen.

Sjølve kraftverket er planlagt ved om lag kote 100, 300-400 meter sør for Døsjagrovi. Avløpsvatnet vert leia tilbake til Døsjagrovi i avløpsrøyr som har utløp ved om lag kote 8. Ein planlegg å nytte eksisterande inntak på kote 740 ved stølen Røssesete.

Vedlegg 1: Regionalt kart

Vedlegg 2: Oversiktskart (1:50 000)

Vedlegg 3: Detaljert kart (1:5000)

1.4 Skildring av området

Døsjagrovi renn i søraustleg retning mot utløpet i Lustrafjorden. I nedre deler av vassdraget renn elva bratt gjennom skogkledd terreng. Først om lag ved skoggrensa flater terrenget meir ut og blir meir ope. I dette området ligg ein seter, Røssesete.

Døsjagrovi har sitt utspring i Hellesetvatnet (1115moh). Nedbørsfeltet strekk seg frå omkringliggande fjelltoppar; Grånosene (1137moh) lengst sør i nedbørsfeltet, via Grånosi (1356moh) i vest til Fivlenosi (1466 moh) i nord og Jagershaugen (1392moh) i aust. Vassdraget er ikkje så stort i lengde og utstrekning, totalt feltareal er om lag 10km².

Tiltaksområdet er avgrensa til nedre del av vassdraget mellom om lag kote 8 og kote 740. Elva er ganske lita og fell her bratt, ho dannar ingen kløfter, juv eller fossesprøytsoner i denne delen av elva. Røyrigata er planlagt nedgraven og følgjer parallelt med elva ned til om lag kote 415, før den vidare er trekt litt meir mot sør. Skogen i influensområdet varierer mellom fattig furuskog med innslag av bjørk øvst i tiltaksområdet, vidare større områder med planta granskogfelt, medan nedst dominerer gammal naturskog med varierande tresammensetning.

1.5 Eksisterande inngrep

Døsjagrovi har i over hundre år vorte nytta til kraftproduksjon; først til Harastølen (gamle Luster Sanatorium) og frå 1915 til allmenn bruk i Luster. I dag er det tre mikrokraftverk i vassdraget. Det er i dag regulering av Hellesetvatnet med HRV på kote 1115 og inntak både på kote 740, kote 450 og kote 105. Det nye prosjektet skal i størst mogleg grad nytte eksisterande inngrep med å bruke inntaksdammen på kote 740 og hovudsakleg legge røyrigata i dei gamle røyrigatetraséane.

Det er kommunal veg opp til Harastølen og privat veg vidare opp til stølen på Røssesete og inntaket på kote 740. Det er og ei gamal (nedlagt) taubane opp til Harastølen frå fjorden. 300kV kraftlinja mellom Leirdøla og Skagen kryssar elva kring 250 meter ovanfor inntaksdammen.

Bygningane på Harastølen har lenge stått ubrukte, men i seinare tid er det starta opprydding og rehabilitering. Hovudbygget er under restaurering og er planlagt å ta i bruk som hotell. Trykkrøyet er planlagt meir enn 300 m aust for bygningane. Det er busetnad i nedre del av tiltaksområdet.

Sidan dette prosjektet ikkje endrar reguleringsmagasinet og nyttar eksisterande inntaksdam og røyrigatetrasé, vil ikkje prosjektet påverke område som er klassifisert som INON-område eller som oppfattast som urørd.

1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag

Elvestrekninga som vert påverka av prosjektet ligg nedst i vassdraget Døsjagrovi. Utløpet frå kraftverket er planlagt på om lag kote 8. Feltet er sørvendt, og elva renn ut i Lustrafjorden like sør for tettstaden Luster. Døsjagrovi-vassdraget er ikkje omfatta av verneplan for vassdrag eller andre vernetiltak.

For samanlikning av nærliggjande vassdrag er det teke utgangspunkt i www.atlas.nve.no og lokalkunnskap. Luster er ein kommune med stort potensial for utbygging av småkraftverk. Kartutsnitt under vider status for gitte konsesjonar og ferdigbygde kraftverk i nærområdet.



Figur 1 Oversiktskart vasskraftutbygging i området rundt Luster (www.atlas.NVE.no)

Som det kjem fram av Figur 1 er det i dag tre mikrokraftverk i vassdraget, Harastølen I (ID nr. 873), harastølen II (ID nr. 874) og Døsen (ID nr. 872). Døsen er eit privateigd mikrokraftverk, og må ikkje forvekslast med gamle Døsen kraftverk som vart sett ut av drift på 70-talet. Inntak, trasè og kraftstasjonsplassering for gamle Døsen kraftverk kjem ikkje fram av Figur 1, men er innteikna på detaljert kart, vedlegg 3. Omsøkt alternativ følgjer i stor grad dei gamle røyrgetetrasèane til Harastølen I og II samt gamle Døsen kraftverk.

Nord for Døsjagrovi ligg eit større vassdrag Dalsdalselvi. Her er utbygd to kraftverk i seinare tid, Kvåle kraftverk (ID nr. 1465) og Sage kraftverk (ID nr. 351). Kvåle ligg nedst i vassdraget og utnyttar eit fall i hovudelva, medan Sage ligg lenger opp i vassdraget og utnyttar fallet i Kolstadelvi, ei sideelv som går i samløp med Dalsdalselvi. Installert effekt for Kvåle og Sage kraftverk er 4,6MW og 8,9MW. Mot vest er det gjort større utbyggingar. Jostedalen kraftverk (ID nr. 547) utnyttar fallet frå reguleringsmagasinet Styggevatn og mange bekkeinntak, og Leirdøla kraftverk som utnyttar fallet frå reguleringsmagasinet Tunsbergdalsvatnet. Desse er begge i eige av Statkraft og har samla ein installert effekt på 415MW. Andre utbygde kraftverk i Jostedalen er Røneid (IDnr. 1864), 4,3MW, og Vanndøla 3,8MW. På austida av Lustrafjorden ligg kraftverka i Fortun; Skagen (IDnr. 94), Herva (IDnr. 145) og Fivlemyr (IDnr. 85) med tilhøyrande reguleringsmagasin og overføringar. Samla produserer desse tre kraftverka om lag 1600 GWh årleg.

Inst i Lustrafjorden renn Mørkrisdalelvi ut i fjorden. Dette vassdraget er verna ved verneplan for vassdrag. Då vassdraga rundt elles er mykje påverka av vasskraftutbygging, er dette vassdraget tilnærma urørt – her er kun eit mikrokraftverk, Kreken Minikraftverk – som er bygd.

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

TILSIG		Hovudalternativ	Alt.2
Nedbørfelt*	km ²	10,1	
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	17,7	
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	55,3	
Middelvassføring	l/s	559	
Alminnelig lågvassføring	l/s	25	
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	200	
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	40	
Restvassføring**	l/s	20	
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	740,5	
Magasinvolum	m ³	350,0	
Avløp	moh.	8	0
Lengde på råka elvestrekning	km	2,1	2,2
Brutto fallhøgde	m	644	
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	1,43	
Slukeevne, maks	l/s	1100	
Slukeevne, min	l/s	40	
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	150	
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	40	
Tilløpsrøyr, diameter	mm	600	
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-	
Tilløpsrøyr, lengde	m	1990	
Overføringsrøyr, lengde	m	-	
Installert effekt, maks	MW	5,7	
Brukstid	timar	2950	
REGULERINGSMAGASIN			
Magasinvolum	mill. m ³	-	
HRV	moh.	-	
LRV	moh.	-	
Naturhestekrefter	nat..hk	-	
PRODUKSJON***			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	5,7	
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	11,1	
Produksjon, årleg middel	GWh	16,8	
ØKONOMI			
Utbyggingskostnad (2021)	mill. kr	66,8	
Utbyggingspris (2021)	Kr/kWh	3,98	

*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringar, som nyttast i kraftverket

**restfeltet sin middelvassføring like oppstraums kraftstasjonen.

*** Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå

Døsjagrovi kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Yting	MVA	6,3
Spenning	kV	6
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	6,5
Omsetning	kV/kV	6/22
NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)		
Lengd	m	115
Nominell spenning	kV	22
Luftline el. jordkabel		jordkabel

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

2.2.1 Hydrologi og tilsig (grunnlaget for dimensjonering av kraftverket)

Det er utarbeidd eit hydrologinotat i samband med søknaden /5/. Innhaldet i dette kapitelet baserer seg på data frå dette notatet.

Det er ingen registreringar av nedbør og avløp i Døsjagrovi. VM 75.23 Krokenelv er nytta for berekningar av produksjon og elles som hydrologiske grunnlag for Døsjagrovi. Årsaka til at dette vassmerket er nytta er at lokalisering og at karakteristikken er nokså lik. Feltparameterar som avstand til kysten, høgde over havet og om lag same sjøprosenten gjer dette vassmerket eigna. Krokenelvvassdraget (vassdragsnr. 075.2Z) renn og ut i Lustrafjorden og ligg berre om lag 10 kilometer sør for Døsjagrovi.


Data frå samanlikningsfeltet er skalert med omsyn til feltareal og spesifikt normalavløp. Areal og normalavløp er funnen frå NVE sitt avrenningskart for perioden 1961 – 1990.

Ved inntaket har Døsjagrovi eit samla nedbørsfelt på 10,1 km² med eit samla middeltilsig på om lag 17,7 millionar m³/år. Det gjev ei middelvassføring på 560 l/s. Restfeltet ned til kraftstasjonen er lite. Resttilsiget like oppstrauts kraftstasjonen er utrekna til 0,6 millionar m³/år og utgjer berre 3% av totaltilsiget.


Alminneleg lågvassføring og 5-persentilen vinter- og sommarhalvåret er utrekna ved skalering av VM 75.23. Det er og sett på lågvassføringar utrekna frå NVE sitt avrenningskart. VM 75.23 er vurdert til å gje eit dårleg estimat ved låge vassføringar, og det er knytt usikkerheit til målingane. Lågvassføringsdata frå Nevina verkar låge. Det er ikkje tatt høgde for reguleringsmagasinet Hellestvatnet i utrekningane. Magasinet vil i praksis gje ein noko høgare vassføring vinterstid og ei noko lågare vassføring sommarstid. Alminneleg lågvassføring er med dette vurdert til å vere 25 l/s, og 5-persentilen for vinterhalvåret og sommarhalvåret høvesvis 40 l/s og 200 l/s.

Omsøkt alternativ gir kraftverket ei utnyttingsgrad på 59% av tilsiget, i realiteten vil utnyttingsgraden vere høgare på grunn av reguleringsmagasinet som vil halde igjen vatn i perioder på året med høg vassføring, samt at det sikrar tilsig til kraftstasjonen gjennom heile vinteren. Forbitapping pga. minstevassføring utgjer 14,9% av tilsiget.


Årsvariasjon i avrenning samt maksimale flaumar gjennom året er vist i figur 3 og 4. Døsjagrovi har eit typisk innanlandsregime med vårflaumar og lågvassføring om vinteren.




Figur 2 Årsmiddel i perioden 1991-2020 i m³/s for inntak Døsjagrovi kraftverk.




Figur 3 Plott viser maksimale flaumar som døgnmiddel i m³/s ved inntak Døsjagrovi kraftverk.



Figur 4 Plott som viser årsvariasjon i vassføringa i m³/s basert på fleirårs døgnerdiar. Middel-, median- og minimumsvassføring ved inntak Døsjagrovi kraftverk er vist.



Figur 5 Varighetskurve for sommarsesongen (1/5 - 30/9)



Figur 6 Varighetskurve for vintersesongen (1/10-30/4)

2.2.2 Overføringer

Prosjektet er ikkje planlagt med overføring.

2.2.3 Reguleringsmagasin

Hellestvatnet har vore regulert lenge og dagens dam vart bygd i 1912. Dammen er 4,7 meter høg og kring 21 meter lang. Det er ein avtrappa murdam med frontal betongtetting. Overløpet er på 0,25x10 meter og ligg til høgre for lukehuset. Det er ein eldre dam som er neddemt lenger oppstrøms i magasinet. Den gamle damkrona ligg kring 1,5 meter under HRV. Det er ikkje registrert LRV for magasinet, men ein terskel kring 200 meter frå dagens dam gjer at magasinet berre kan senkast 2,6 meter. Sjøarealet er målt til 0,5 km² og dagens magasinvolym er utrekna til 1,15 mill. m³. Reguleringsdammen er ikkje omfatta av søknaden.

2.2.4 Inntak

Prosjektet er basert på å oppruste og bruke eksisterande inntaksdam på om lag kote 740.

Dammen er i dag kring 40 meter lang med overløp ca 20m.

Det er planlagt å forsterke og tette eksisterande murdam med ei betongplate på oppstraums side. Om det blir funnen fjell ved utgraving, blir inntaket fundamentert mot dette, om ikkje blir dammen fundamentert mot lausmasser. Damhøgda blir om lag 3 meter til overløpet med ytterlegare 0,85 meter

til topp flaumsikring. Lengda på dammen (flomvern + overløp) blir om lag 40 meter, med overløp på om lag 20 meter. Damvolumet blir knappe 350m³.

Inntakskassen er planlagt på nordsida av dammen. Her blir det arrangement for minstevassføring og røyrfylling i tillegg til automatisk røyrbrotsventil og lufterøyr for trykkrøyrret. Minstevassføringa blir målt, logga og vist på eit display ved inntaket.

Dammen vil og utstyrast med botntappeluke slik at dammen kan tømmast og inspeksjon/vedlikehald kan gjennomførast.

2.2.5 Vassveg

Røyrgate

Vassvegen følgjer i stor grad dei gamle røyrгатетraséane til kraftverka knytt til Harastølen og til gamle Døsen kraftverk. Det vert lagt ned nye røyr i heile lengda. Der dei gamle røyra kjem i konflikt med røyrlegginga vert desse fjerna. Det er pårekna opparbeiding av ny grøft med omfyllingsmassar og tilbakefylling som tilfredstillar dagens krav.

I traséen til røyrгата er det mykje tett skog, både varierende naturskog og hogstfelt av gran som må ryddast i forkant av røyrlegginga. Breidda på ryddebelte kan påreknast til 30 meter då her stadvis er nokså bratte parti.

Heile røyrгата vil verte graven ned eller lagt i lausmassar eller sprengd grøft. Røyrгата vil ha ein diameter på 600 mm og ei lengd på ca 1990m. Førebels er det rekna med å bruke røyr av duktilt støypejern og GRP.

Etter at røyrгата er ferdig nedgraven vert terrenget tilbakeført og revegetert. Det er venta at arealet etter ei tid vil gro til som terrenget omkring. Det stadlege topplaget, som blir lagt til side under anleggsdrifta, vert lagt tilbake. Eventuell gjødsling vert vurdert for å hjelpe vegetasjonen i gang.

Ny, samt dei omtalte gamle røyrгатетraséane er innteikna på detaljert kart i vedlegg 3.

Tunnel

Vassvegen er planlagd med nedgraven røyrgate og utan tunnel.

2.2.6 Kraftstasjon

Kraftstasjonen er planlagt i enden av traktorveg ved kote 97, kring 400 meter sør for Døsjagrovi. Plassering av stasjonen er vist på detaljert kart vedlegg 3.

I kraftstasjonen skal det plasserast ein peltonturbin med slukeevne på 1,1 m³/s (200% av middelvassføringa). Minste slukeevne vil vere på kring 0,04 m³/s. Installert effekt er 5,7MW.

Det vert og installert ein generator på 6,3MVA med spenning 6kV, og ein transformator på 6,5 MVA med omsetning 6/22kV.

Avløpsvatnet er planlagt ført tilbake til Døsjagrovi i nedgraven røyr med utløp på kote 8. Lengda på avløpsrøyrret blir om lag 330 meter. Det vert ein kum før utløpet i elva for trykkavlastning. I forkant

av kummen vert det installert eit t-røyr som tilrettelegg for eventuelt uttak av vatn til Døsen mikrokraftverk.

Terrenget har ei svak helling ved stasjonstomta, og det er mest sannsynleg lausmassar i grunnen. Det er planlagt å fylle inntil på vestsida av stasjonsbygget og delvis fylle inntil på sidene av bygget. Parkering og snuplass er i hovudsak planlagt på austsida av bygget med ein oppgrusa plass på om lag 100 m². Stasjonsbygget er planlagt utført med vegger av betongelement som utvendig er kledd med ståande ubehandla bordkledning av lerk eller malmfuru. Grunnflata til stasjonsbygget blir om lag 100m²

Stasjonen får her ei plassering med avstand til busetnaden ned mot fylkesvegen, samt at det vert ein naturleg voll som skjermar for dei næraste bustadhusa i sørleg retning. Støydempande tiltak er omtala i kapittel 4.

2.2.8 Køyremønster og drift av kraftverket

Prosjektet vil kunne nytte seg av eksisterande vassmagasin i Hellestvatnet. Dette magasinet vil berre til ein viss grad kunne regulere tilsiget frå kring halvparten av nedbørsfeltet over inntaket. I tillegg vil avstanden ned til inntaket (forseinking i endringar av vassmengda ved inntaket) gjere at ein berre kan regulere tilsiget over lengre periodar. Reguleringsmagasinet vil dermed berre delvis kunne utjamne køyringa av kraftverket og sikre noko meir tilgjengeleg vatn gjennom vinterhalvåret.

Sjølve inntaket har inga reguleringsmoglegheiter og det er derfor ikkje mogleg med effektkøyning av kraftanlegget. Kraftverket vil verta køyrt etter tilsiget til inntaket.

2.2.9 Vegbygging

Det er eksisterande vegar i nærområdet til tiltaket, kommunal veg opp til Harastølen og privat veg vidare opp til inntaket på Røssesete. Dette er vist på detaljert kart, vedlegg 3.

Den kommunale og private vegen vil nyttast til transport til inntaket og transport ved legging av røyr. Det vil verta laga mellombelse anleggsvegar inn frå eksisterande veg der det er naudsynt. For tilkomst til kraftstasjonen er det i dag ein traktorveg som fører heilt fram til tomta, denne har avkøyrsløse frå den kommunale vegen til Harastølen. Vegen må opprustast og vert permanent tilkomstveg til stasjonsbygget, breidde 4 meter.

For avløpsrøyrret er tilkomsten til anleggsområdet planlagt ved å bruke eksisterande privat veg med avkøyrsløse på FV55 ved Døsjagrovi. Vidare vil det også her vere behov for mellombelse anleggsvegar i samband med røyrlegginga.

Veg langs røyrtrasè vil krevje eit ryddebelte på 20-30 meter (inkludert røyrgrøft) avhengig av kor sidebratt terrenget er. Der eksisterande traktorvegar vert nytta for tilkomst til trasèen vert det behov for rydding av noko kantvegetasjon.

2.2.10 Massetak og deponi

Det er ikkje planlagt massetak eller deponi. For omfylling rundt trykkrøyrret vert det trong for noko tilført pukkk, men stadeigen masse vil i hovudsak nyttast til overfylling. Eventuell overskotsmasse vert plassert i naturlege søkk langs røyrгатetraseen.

2.2.11 Nettilknytning

I kraftstasjonen skal det installerast ein 6/22 kV transformator og tilkoplinga til nett vil skje via ein 115 meter lang nedgraven jordkabel til nærmaste tilkoplingspunkt. Trase for kabel er vist på kart i

vedlegg 3. For nærmare detaljar sjå avtale med områdekonsesjonær Breheim Nett AS, samt stadfesting på kapasitet i overliggjande nett (vedlegg 8).

2.3 Kostnadsoverslag

Døsjagrovi Kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	0
Overføringsanlegg	0
Inntak/dam	3,7
Driftsvassvegar	23
Kraftstasjon, bygg	6,1
Kraftstasjon, maskin og elektro (helst skild)	12
Avløpsrør	1,8
Kraftlinje	0,15
Transportanlegg	1,0
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0,2
Uventa	7,0
Planlegging/administrasjon	3,3
Finansieringsutgifter og avrunding	3,0
Anleggsbidrag	5,56
Sum utbyggingskostnader	66,8

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Dette prosjektet er estimert å kunne produsere straum nok til kring 840 norske hushaldningar (16,8 GWh). Desse utrekningane er basert på simuleringsmodellar som tek utgangspunkt i skalert nedbørsserie frå målestasjon Krokenelv (1991 – 2020). I tillegg til bidrag til den nasjonale kraftoppdekkinga vil dette prosjektet generere inntekter til eigarane og gi skatteinntekter til Luster kommune. Luster Energiverk AS er for det meste eigd av privatpersonar i Luster kommune, og har Luster kommune som største aksjonær. Dette prosjektet vil dessutan heve aktivitetsnivået i kommunen, og gje behov for lokal arbeidskraft. Sjå og kap. 3.13 Samfunnsmessige verknadar.

Prosjektet legg dessutan til rette for at Døsen Mikrokraftverk kan halde fram med kraftproduksjon ved å kople seg på og nytte avløpsvatnet som produksjonsvatn. Prosjektet gjer det også mogleg å utvide produksjonen (auka slukeevne) i mikrokraftverket om dette vert aktuelt i seinare tid.

Ulemper

Ulemper ved tiltaket er først og fremst knytt til redusert vassføring i elva, synlege terrenginngrep og trafikk og støy i anleggsperioden.

2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

Arealbruk

For å kunne gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til midlertidige og permanente anlegg. Dei midlertidige anlegga, riggområder og anleggsvegar vil bli tilbakeført når arbeidet er

ferdig. Det er planlagt å oppgradere eksisterande inntak for Døsjagrovi kraftverk, også røyrgata vil i stor grad følgje røyrgate til dei gamle kraftverka til Harastølen samt Døsjagrovi kraftverk. Slik at både for inntaket og røyrtasèen er det allereie gjort beslag på mykje av arealet til kraftproduksjon. Tala i tabellen tek ikkje høgde for at det er inngrep i tiltaksområdet i dag.

Oversikt over midlertidig og permanent arealbehov:

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin	-	-	
Overføring	-	-	
Inntaksområde	5,0	2,0	Allereie utbygd
Røyrgate	40	8,0	Skog, 20/4 meter breidde
Riggområde og sedimenteringsbasseng	7,0	0	Skog
Vegar	-	0,6	Skog, vegtrasè langs røyr er inkludert i arealbruk røyrgate
Kraftstasjonsområde	1,5	0,8	Skog
Avløpsrøyr	6,6	1,3	Skog/innmark, 20/4 meter breidde
Massetak/deponi	-	-	
Nettilknytning	1,0	0,5	Skog, 8/4 meter breidde
Sum	61,1	13,2	

For lokalisering av areala vert det vist til detaljkart i vedlegg 3.

Eigedomsforhold

Vasskraftutbygging i Døsjagrovi har ei lang historie tilbake til pionertida innan vasskraftutvikling. Småkraft AS disponerer fallretten i øvre del av prosjektområdet og har alle vasskraftrettane knytt til reguleringsmagasinet på Hellestvatnet. Desse rettane er i seinare tid skilde frå Harastølen-eigedomen. Det gamle kraftverket nede ved fjorden kom i 1915 og skulle gje folk i Luster elektrisk straum. Luster Energiverk AS forvaltar avtalane til Luster Kraftlag som starta kraftverket og betalar blant anna årleg frikraft til grunneigarane som var ein del av dei opphavlege avtalane. Opplysningsvesenets fond er fallrettseigar i eit område i nedre del vassdraget. Fordelinga av fallrettigheitene i prosjektet er følgjande;

- Luster energiverk AS, 42,3%
- Småkraft AS, 47,7%
- Opplysningsvesenets fond, 10%

Vedlegg 7 viser oversikt over råka grunneigarar og rettshavarar i prosjektet. Viser og til vedlegg 3 som viser kart med eigedomsgrensar.

2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

Skildring av tiltaket sin status i høve til:

Fylkes- og/eller kommunal plan for småkraftverk.

Luster kommune vedtok ein kommunedelplan for små kraftverk den 25.01.07 som skulle legge føringar for kommunen si handsaming av konsesjonssaker /6/. I denne planen er Døsjagrovi omtala. Kommunen er her inndelt i delområde, og det er på dette nivået kommunen legg føringar. Døsjagrovivassdraget inngår i delområde Høyheimsvik. Høyheimsvik er vurdert å ligge i gul konfliktsone (middels konfliktnivå). Skildringa av konfliktsona generelt er: *"Desse områda har typisk nokre sterke interesser som det må takast omsyn til. Utbygging av kraftverk i desse delområda skal ta omsyn til allmenne interesser og planleggast med avbøtande tiltak"*. I delområde Høyheimsvik er det særleg dei mange kulturminna og turismen (nasjonal turistveg og fjordturisme) som kan gje grunnlag for konflikt. Sidan prosjektet ikkje påverkar registrerte kulturminne og elva er lite synleg både frå veg og fjorden, vil ikkje prosjektet påverke dei nasjonalt og lokalt viktige allmenne interessene i området som er knytt til både kultur og natur. Prosjektet er difor vurdert å vere i tråd med denne kommunedelplanen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (i dag Vestland fylkeskommune) vedtok i 2012 regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. I den regionale planen inngår Døsjagrovivassdraget i delområde Luster og Årdal, som dekkjer eit stort område. Ei rekkje landskapsverdiar er trekte frem innan delområdet; verneområde, kulturlandskap, INON-område, viktige fossar og stryk. Også kulturminne og -miljø og andre verdiar av allmenn interesse er nemnd i planen. Det er ikkje nemnd særskilde verdiar knytt til Døsjagrovivassdraget i planen. Fylkeskommunen er i utgangspunktet positiv til utbygging av vasskraft, på bakgrunn av dei positive bidraga som utbygging gjev til nærings- og bygdeutvikling.

Kommuneplanar

Prosjektområdet er i kommuneplanen sin arealdel (2019-2030) definert som LNF-område.

Samla plan for vassdrag (SP)

I 1984 vart Døsjagrovi (310 Døsjagrovi) vurdert i Samla Plan for vassdrag, Sogn og Fjordane fylke, som prosjekt 01 Døsi /7/. Etter at grensene for handsaming i Samla Plan vart heva frå 1MW/5 GWh til 10 MW/50 GWh, trengde ikkje dette prosjektet lenger handsaming i Samla Plan. Ordninga vart dessutan avvikla i 2016. Prosjektet vert likevel omtala under, då det tidlegare har vore behandla i samla plan.

Prosjektet var den gong rekna med eit bruttofall på 750 meter samanlikna med 644 meter fall for omsøkt prosjekt. Tilsiget vart estimert til 20,2 Mm³ mot 17,7 Mm³ i dag. Dette gjer at Samla Plan-prosjektet hadde planlagt ein større turbin (6,8 MW mot 5,7 MW i dag). Produksjonspotensialet var større (totalt 27,7 GWh mot 16,8 GWh i dag) og utbyggingskostnadene lågare. Dette gir ein lågare lågare spesifikk utbyggingspris (1,80 kr/kWh mot 3,98 kr/kWh i dag).

Vurdering av andre brukarinteresser som vart gjort viser eit lite kontroversielt prosjekt. I den fylkesvise prosjektomtalen for Sogn og Fjordane (Miljøverndepartementet 1984) er alle Samla Plan-prosjekta gjeve ein samla økonomisk vurdering og ein samla konsekvensvurdering. Økonomien er vurdert som middels god (3 på ein skala frå 1-6) og konsekvensane er vurdert som små (1 på ein skala

frå 1-8). Dette sette prosjektet i gruppe 2 av totalt 16 gruppeinndelingar (gr.1 høgast prioritert og gr.16 lågast prioritert). Dette sette prosjektet i SP kategori I (prosjekt som kunne omsøkast).

Verneplan for vassdrag

Døsjagrovi ligg ikkje innanfor område som er med i Verneplan for vassdrag.

Nasjonale laksevassdrag

Døsjagrovi er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.

Ev. andre planar eller beskytta område

Det er ikkje andre kjende planar tilknytt området. Tiltaksområdet er ikkje omfatta av noko form for vern. Området er kontrollert opp mot miljødirektoratet si kartteneste, naturbase /1/.

EUs vassdirektiv

Døsjagrovivassdraget er ikkje omtala i regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 /2/

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

3.1 Hydrologi

Vassføringa i Døsjagrovi er påverka av tiltak og kraftproduksjon over lang tid. Vassdraget er typisk for området med markert større vassføring i sommarhalvåret. Heile nedbørsfeltet er på kring 10 km² og avgrensa av fjell opp mot 1500 moh. Det er eitt større vatn i nedbørsfeltet, Hellesetvatnet, som har vore regulert i over hundre år. Det har ikkje blitt gjort nokon systematisk måling av vasstand i magasinet eller vassføringa i elva som kan nyttast i dei hydrologiske utrekningane. Tidlegare regulering av magasinet har skjedd ut frå observasjonar og kjennskap til elva. Frå Røssesete på kring 750 moh og ned til utløpet i Lustrafjorden renn elva jamn og bratt utan å danne større gjel og fossar. Elva dannar ikkje noko markert dalføre.

Middelvassføringa ved inntaket i Døsjagrovi er utrekna til 0,56m³/s, og baserer seg på skalerte måledata frå Krokenelv (VM 75.23). Alminneleg lågvassføring er vurdert til 0,025 m³/s, 5 persentilen for vinterhalvåret (01.10 – 30.04) er vurdert til 0,040 m³/s og 5 persentilen for sommarhalvåret (01.05 – 31.09) er vurdert til 0,150 m³/s. Dei hydrologiske utrekningane er basert på slepp av minstevassføring lik omsøkt alternativ 150l/s i sommarhalvåret og 40l/s i vinterhalvåret.

Totalt vil kraftverket nytte 59% av midlare totaltilsig til inntaket gjennom året. 26% vil renne forbi på overlaupet i periodar der tilsiget er større enn slukeevna og minstevassføringa, og 14,9% av tilsiget vil bli tappa forbi på grunn av minstevassføringa. Til saman vil då 41% av tilsiget (7,2 Mm³/år) passere forbi inntaket.


I tabellen under er det rekna ut kor mange dagar turbinen står, dagar med overløp og tal dagar med minstevassføring for eit normalt (1999), eit tørt (1996) og eit vått (2011) år. Når tilsiget til inntaket er mindre enn summen av minstevassføring og turbinens minste slukeevne vil kraftverket vere ute av drift og vassføringa vert uendra. Når tilsiget er større enn summen av minstevassføring og turbinens minste slukeevne, men mindre enn summen av minstevassføring og turbinens største slukeevne vil vassføringa i elva like nedstraums inntaket vere lik minstevassføringa. Blir tilsiget større enn summen av minstevassføring og turbinens største slukeevne renn det vatn over overløpet i inntaket. Det er i

utrekningane ikkje tatt høgde for regulering av Hellesetvatnet, men naturleg vassføring i heile nedslagsfeltet.


Normalt år (1999)	
Tal på dagar turbinen står	106
Tal på dagar med overløp	65
Tal på dagar med minstevassføring	194
Tørt år (1996)	
Tal på dagar turbinen står	215
Tal på dagar med overløp	19
Tal på dagar med minstevassføring	131
Vått år (2011)	
Tal på dagar turbinen står	88
Tal på dagar med overløp	79
Tal på dagar med minstevassføring	198

Som tabellen viser vil det i eit normalt år vere 65 dagar i året (18% av året) med overløp i inntaket, 194 dagar med minstevassføring (53% av året) og 106 dagar der turbinen står (29% av året). Då det her ikkje er tatt høgde for moglegheita for regulering av Hellesetvatnet vil ein i realiteten kunne få langt fleire dagar med produksjon i kraftverket utan flaumtap. Ei regulering vil gje eit jamnare tilsig til inntaket gjennom året, og mogleggjer for tilnærma konstant slepp av minstevassføring enkelte år.


Vassføringa like nedstraums inntaket før og etter ei utbygging er under vist for eit normalt, eit tørt og eit vått år.



Figur 7 Vassføring rett nedstraums inntak Døsjagrovi før og etter ei utbygging i eit normalt år (1999)



Figur 8 Vassføring rett nedstraums inntak Døsjagrovi før og etter utbygging i eit tørt år (1996).



Figur 9 Vassføring rett nedstraums inntak Døsjagrovi før og etter utbygging i eit vått år (2011)

Restfeltet mellom inntaket og kraftstasjonen er smalt og lite, og utgjør bare 7% av det totale nedslagsfeltet til vassdraget. Tilsiget frå restfeltet, ved utløpet i Døsjagrovi på kote 8, er ut i frå avrenningskartet funnen til å vere 0,02 m³/s eller 0,6 mill m³/år. Legg ein til utrekna årleg tilsig som passerer inntaket (7,2mill m³/år), vert totalt årleg tilsig like oppstraums kraftstasjonen 7,8 mill m³/år, tilsvarande ei middelvassføring på 0,25m³/s.

3.2 Vassstemperatur, isforhold og lokalklima

Dette prosjektet vil påverke elvestrekninga mellom inntaket på kote 740 og utlaupet på kote 8, og over denne strekninga kan ein vente endring i vassstemperatur, isforhold og lokalklima som følgje av redusert vassføring. Redusert vassføring vil kunne gje litt høgare vassstemperatur om våren og sommaren og litt lågare vassstemperatur med tidlegare isgang om hausten og vinteren. Døsjagrovi har i over hundre år vore både grunnlaget for produksjon av elektrisk straum og vassforsyning. Uttak av vatn til ulike formål har derfor prega vassføringsregimet i elva lenge. Sett i samanheng med at kraftverket og er venta å stå i lengre periodar i vinterhalvåret på grunn av lågt tilsig, viser til figurer 7-9 som i lange periodar i vinterhalvåret viser uendra vassføring før (naturleg vassføring) og etter ei utbygging. Det er difor venta at dette nye prosjektet vil påverke vassstemperatur, isforhold og lokalklima i råka elvestrekning ubetydeleg i forhold til dagens situasjon.

Konsekvens: *Ubetydeleg (0)*

3.3 Grunnvatn

Det er lite rennande vatn utanom Døsjagrovi sørvest for Luster. Vassforsyninga til fleire av husa er derfor knytt til ulike oppkommer. Desse oppkommene kan vere knytt til Døsjagrovi. Det vart i 2009 utført ei konsekvensvurdering for lokal vassforsyning ved ei småkraftutbygging i Døsjagrovi. Rapporten frå konsekvensvurderinga /3/ er her lagt til grunn. Det er kjent at ein del vatn forsvinn i grunnen oppstraums inntaket. Kun lite eller ikkje noko grunnvatn vert danna ved infiltrasjon av elvevatn frå Døsjagrovi nedstraums inntaket, og den delen av vassføringa i kjeldene som eventuelt vert danna nedstraums inntaket vert vedlikehalde av minstevassføring og overløp. Det er i rapporten teke høgde for ei minstevassføring på 20l/s, altså ei vesentleg mindre minstevassføring enn det som her vert søkt om. Vasskvaliteten er heller ikkje venta å verte påverka som følge av tiltaket.

Konsekvens: *Lite negativ (-)*

3.4 Ras, flaum og erosjon

I samband med synfaring er området vurdert med omsyn til flaum- og skredfare. I tillegg er området kontrollert opp mot NVE sine digitale faresone- og aktsomheitskart, og NVE si oversikt over registrerte hendingar i området.

Det er gjennomført faresonekartlegging i nedste del av tiltaksområde, om lag opp til kote 240. Denne delen av tiltaksområdet ligg i sin heilheit innafor ei sone vurdert til å ha årleg sannsynleggheit for skred 1/100. For kartlegginga er dimensjonerande skredtype lausmasseskred i samanheng med Døsjagrovi og elles steinskred. Det er mykje steinurer i området. For resten av tiltaksområde er det ikkje gjennomført faresonekartlegging, men heile tiltaksområdet er kontrollert opp mot aktsomheitskarta. Desse karta viser inga fare for steinsprang i tiltaksområdet, medan heile tiltaket ligg innanfor ei aktsomheitssone for snøskred. Øvre og nedre del av tiltaksområdet ligg innan aktsomheitssoner for jord- og flaumskred. Det er ingen registrerte skredhendingar i området.

Spesielt nedre del av tiltaksområdet er vurdert til å vere lite utsett for skred. Røyrkata, samt avløpsrøyrret vert likevel nedgraven i heile lengda med minium 1 meter overdekning. Dette er vurdert til å vere tilstrekkeleg beskyttelse mot faren for skred. I tillegg vert og det meste av inntaket nedgraven. Stasjonen ligg og innan faresona for skred omtala over. Ved detaljplanlegging av prosjektet bør det gjerast ei lokal skredfarevurdering. Mest aktuelle tiltak er å byggje ein rasvoll ovanfor stasjonen dersom det viser seg nødvendig.

Dei største flaumane i vassdraget oppstår seint på våren. Midlere årleg døgnflaum ved inntak er utrekna til 5,8m³/s, kulminasjonsflaum 10,4m³/s /5/. Det er ikkje kjent at det tidlegare har vore erosjonsproblem i Døsjagrovi. Ein ventar heller ikkje at eventuelle erosjonsproblem skal auke som følge av utbygginga. Tvert om vil det nye kraftverket ta unna vatn i dei flaumtoppane som kjem.

Der røyrret kryssar elva vert røyrret sikra med steinplastring for å unngå erosjonsskade på røyr/grøft.

Stasjonstomta ligg langt frå Døsjagrovi og er derfor ikkje utsett for flaum i elva. I inntaket vert det støypt eit flaumvern mot nord som beskytter inntaket og lukehuset ved stor flaumvassføring i elva. Det vert elles plastra i dammen og like nedstraums dammen for å forebygge mot utgraving og erosjon i dette området.

Arbeidet i inntaket vil bli utført i perioden september til desember når det er minst vassføring i elva, for å minimere sedimenttransport og tilslamming ved arbeid i inntaket.

Samla sett er konsekvensen for ras, flaum og erosjon ikkje venta å endre seg betydeleg som følge av ei utbygging.

Konsekvens: Ubetydeleg (0)

3.5 Raudlisteartar

Det er utarbeidd ein eigen rapport for kartlegging av biologiske verdiar i området. Rapporten er utarbeidd av Rådgivende Biologer AS vidare omtalt som RB, og ligg vedlagt (vedlegg 8). Rapporten baserer seg på synfaring i området.

Det vart ikkje identifisert sjeldne eller raudlista artar under feltarbeidet. RB skriv følgjande: *Basert på eksisterande informasjon og forholdene i tiltaksområdet, vurderast det som lite sannsynleg at det finnes store verdier i området som ikkje er fanget opp gjennom denne undersøkinga.*

Konsekvens: Ubetydeleg (0)

3.6 Terrestrisk miljø

Innhaldet i dette kapitlet tar utgangspunkt i utarbeida rapport om biologisk mangfald, vedlegg8.

Naturtyper

Den rike edelløvskogen ligger mellom Døsjagrovi og planlagt rørgate og vil ikke bli berørt av tekniske inngrep.

Tiltaket vil redusere kvaliteten på den rødlistede naturtypen elvevannmasser (NT), men elva har redusert vannføring fra før. Fraføringsstrekningen i Døsjagrovi vil store deler av året ha sterkt redusert vannføring. Minste slukeevne er imidlertid 40 l/s, slik at de lave vannføringene fortsatt vil bestå i elven etter etablering.

Karplanter, mosar og lav

Graving i forbindelse med rørgate, tilkomstveier til inntak og kraftstasjon og rigg-områder, vil medføre en del arealbeslag, hvorav en del må regnes som varige. Noe naturlig revegetering vil imidlertid skje på sikt. Terrenginngrepene vil gi negativ virkning på floraen av karplanter, moser og lav i selve tiltaks-området, men bare vanlige arter og vegetasjonstyper blir berørt.

Redusert vannføring vil store deler av året vil gi et litt tørrere lokalklima langs Døsjagrovi. Redusert vannføring medfører at fuktighetskrevene lav- og mosearter på sikt trolig blir utkonkurrert av mer tørketolerante arter. Det er også mulig at elvekantvegetasjonen gror ytterligere ned mot elveløpet.

I tillegg blir hyppigheten av flom redusert, noe som er negativt for pionerarter på berg. Kunnskapen om virkninger et tørrere lokalklima har på kryptogamer er mangelfull.

Fugl og pattedyr

Terrenginngrepene fører til at fugle- og pattedyrarter for en periode får tapt sine leveområder. Etter avsluttet arbeid vil en stor del av inngrepsområdene på ny kunne utnyttes av viltet, særlig etter at arealene er revegetert og skog og annen vegetasjon har vokst opp igjen. Artene som har fast tilhold i og nær tiltaksområdet, er alle vanlig utbredte i regionen. Arter med streifforekomst vil bli lite berørt, eller ikke berørt i det hele tatt.

Samla vurdering

Konsekvensen av tiltaket er vurdert som noko negativ då heile området er prega av inngrep frå før og belastningen øker dermed kun i mindre grad.

Konsekvens: Lite negativ (-)

3.7 Akvatisk miljø

Innhaldet i dette kapitelet tar utgangspunkt i utarbeida rapport om biologisk mangfald, vedlegg8.

Ferskvasslokalitetar

